

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2010

**Oslo
14.02.11**

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapport for 2010. Prosjektets hovudføremål er produksjon av *Norsk Ordbok*, og bandproduksjonen er hovudoppgåva i redaksjonen. I løpet av 2010 har redaksjonen ferdigstilt manuskriptet til band 9 av ordboka. Bandet dekkjer alfabetbolken frå og med substantivet *ramost* til og med verbet *skodda*. Manuskriptet blei ferdig og sendt over til forlaget 6. desember 2010. Den siste månaden av 2010 har redaksjonen brukt på arbeid med band 10. Dette neste bandet skal etter planen sendast til prenting 1. mars 2012. Ved årsslutt hadde redaksjonen førstegongsredigert 78,52 sider til dette neste bandet.

Av dei underordna målsetjingane som var sette opp i årsplanen for 2010, har me gjennomført mange, medan nokre ikkje er blitt fullførte i perioden. Hovudgrunnen til at me ikkje har gjennomført alle tiltaka, er at redaksjonen har vore gjennom ganske store utskiftingar, og dette har ført med seg at stillingar har stått vakante, samt at me har brukt mykje tid på opplæring av nye redaksjonsassistentar. I 2010, som tidlegare år, har me hatt eit bra formidlingsår med positiv respons i fleire forum (sjå òg vedlegg 2).

Manusproduksjon

Redaksjonen har nyredigert 533,85 sider av band 9 og 78,52 sider av band 10 i løpet av året. Til saman hadde me redigert 612,37 sider ved utgangen av 2010. Årsplanen la opp til 603 sider. Band 9 måtte utvidast frå 800 til 810 sider, så det at talet på produserte sider er litt høgare enn det planen la til grunn, viser berre at me gjekk ørlite over dimensjoneringa på bandet. Dei 533,85 sidene til band 9 blei flytte gjennom alle stega i kvalitetssikringsprosessen i løpet av året, medan ingen av sidene til band 10 kom så langt før årsslutt. Me forsøker stadig å finna tiltak for å flytta manuskriptbolkane meir effektivt gjennom kvalitetskjeda, og tiltaka ser ut til å ha god effekt. Dei redaksjonelle rutinane fungerer godt, og me held fram med å stykka bolkane opp i mindre delar, slik at me får ein jamnare manuskriptstraum til hovudredaktør og sitatkontroll. På denne måten kan arbeidsbyrda i sluttredigeringsfasen for kvart band blir mindre.

Folk og opplæring

I 2010 har me hatt 7 assistentar i opplæring. To av desse har slutta i løpet av opplæringsperioden, og to har rykt opp til redaktør i løpet av året. Dei tre siste er alle tilsette i 2010, og dei er såleis framleis i assistentstilling ved utgangen av året. Ein redaktør har vore i 100 % fødselspermisjon fram til 15. august, medan ein redaktør har vore i 100 % utdanningspermisjon frå 15. februar. Ein redaktør har 75 % utdanningspermisjon frå stillinga si. I tillegg har fleire redaktørar hatt mindre omsorgspermisjonar i perioden.

Ved utgangen av 2010 er 29 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Ein av desse er i 75 % studiepermisjon, og to andre har hatt 30 % mellombels pensjonsordning heile året. Administrasjonen tel tre personar, fordelte på 3 årsverk, og me har dessutan 1,5 stilling til redaksjonssekretærordning. I 2010 har fire personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar. Sjå vedlegg 1 for eit nøgnare oversyn over tilsette og effektive årsverk.

Me har hatt større opplæringsoppgåver i 2010 enn det me hadde føresett. Det ser ut til at me må rekna med utskiftingar i redaksjonen som normalsituasjon, men dette tærer svært på tida me har til disposisjon til redigeringsarbeid. Alle utskiftingar av ferdig opplærte redaktørar inneber tap av redigeringsmånadsverk i perioden frå dei sluttar og til nye redaksjonsassistentar som kjem inn i den aktuelle stillinga har gjennomført første delen av opplæringsfasen. I tillegg inneber det tap av redigeringsmånadsverk for dei i redaksjonen som står for opplæringa av nytilsette redaksjonsassistentar. I ein fase av prosjektet der produksjonstida for kvart band er nede i 15 månader, er alle slike utskiftingar kritiske for bandproduksjonen. Opptappingsplanen til NO 2014 la til grunn at organisasjonen ikkje skulle ha større opplæringsoppgåver i denne fasen av prosjektet. Med det talet på redaktørar som redaksjonen no rår over, er me svært sårbare for utskiftingar i staben. Det må difor vera eit høgt prioritert mål for prosjektet i siste del av prosjektfasen å halda på så mange redaksjonelle medarbeidarar som mogleg.

I 2010 har me forsøkt å kompensera tap av redaktørtid med relevant redaksjonell støttefunksjon i form av vitskaplege assistentar som arbeider med tilrettelegging av materiale. Eit oversyn over assistentar ligg inne i vedlegg 1.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

På utviklingsplanen for 2010 for samarbeidet mellom Eining for digital dokumentasjon (EDD) og NO 2014 stod arbeid med nyskriving av delkomponentar i applikasjonsdatabasen, og dette arbeidet fekk høg prioritet i perioden. I tillegg har EDD i 2010 arbeidd for oss med betra søkjefunksjonalitet i basane, tilrettelegging av ordsamlingar til Ordbokshotellet og overgang til ny windows-plattform for NO-redaksjonen.

Gjennom ei trepartsavtale mellom Språkrådet, Uni Digital og NO 2014 har me i 2010 lagt inn store mengder ny tekst i det elektroniske tekstkorpuset. Med dette har korpuset vakse til meir enn 86 millionar ord. Denne tilveksten er til stor glede for redigeringsarbeidet, og NO 2014 vil difor gjerne takka samarbeidspartnarane våre for at me har fått vera partner i dette tiltaket.

NO 2014 har i 2010 vidareført og utvida avtala med Unirand-selskapet Digforsk om at dei driv vederlagsfri elektronisk skanning og korrekturlesing av Norsk Allkunnebok for oss. Me er svært godt nøgde med arbeidet Digforsk gjer, og vil gjerne takka dei for godt samarbeid.

Andre tiltak som gjeld utviding av materialet omfattar innlegging av om lag 12 000 nye setlar i setelarkivet. Tilveksten er litt mindre enn planlagt, men me har ikkje kunna prioritera dette på kostnad av produksjonsfarten for band 9. I 2010 har me også vidareført arbeidet med digitalisering av kartmaterialet til Norsk dialektatlas. Arbeidet er finansiert gjennom individuelle forskingsmidlar frå Olaf Almenningen, Oddrun Grønvik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. Me har også vidareført arbeidet med digitalisering av Målføresynopsisen. Dette arbeidet er finansiert av midlar frå Andor Birkeland og hustrus legat. NO 2014 er svært takksame for at Birkeland-legatet valde å støtta dette prosjektet.

Me hadde i 2010 planar om å vidareføra den redaksjonsinterne skoleringa me sette i gang i 2009, men det har det ikkje vore rom for innanfor den stramme produksjonsplanen vår.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2010 bestått av prosjektdirektør Åse Wetås, førstekonsulent Andreas Tandberg og konsulent Ragnhild Norheim Førland.

Styret

I 2010 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern, Audun Heskestad, Marie Korsvoll (vara Elisabeth Solberg møtte andre halvår), Christian-Emil S. Ore (møtande vara for Øyvind Eide) og Dagfinn Rødningen (møtande vara for Knut E. Karlsen). Styret har hatt fire møte og handsama 29 saker.

Formidling

Ordboksredaksjonen har vore representert på fire fagkonferansar med føredrag i året som gjekk. Ei gruppe redaktørar var på konferanse i historisk leksikografi og leksikologi i Oxford i juni 2010, og to medarbeidarar var på konferanse i korpuslingvistikk i Edinburgh. Tre redaktørar var på Lexicom-kurs i Ljubljana same månaden, og ein redaktør var på Euralex-konferanse i Leeuwarden i juli. Ein større delegasjon deltok på konferanse i dialektologi i Uppsala i august, og ein heldt foredrag på sociolingvistikk-konferanse i Sheffield same månaden. Me har dessutan vore representerte med foredrag på ein konferanse om plantenemningar i Stockholm/Uppsala i november. I tillegg har redaksjonen hatt medarbeidarar på Konferanse i skandinavistikk (SASS) i Seattle i april, kognitiv-lingvistisk konferanse i Hertfordshire i juli og på konferanse om språkkontakt i Trondheim i september.

Også i år hadde me deltaking med ei eiga bu på Forskingstorget i Oslo (24.–25. september). Deltakinga resulterte i mykje positiv merksemd kring prosjektet vårt.

I juli i år blei prosjektet presentert gjennom ei rekkje innslag i programposten *Verdt å vite* i NRK P2. Til saman åtte innslag med redaktørar frå Norsk Ordbok blei sende i denne perioden. Sjå elles vedlegg 2 og 3 for publisering og omtale.

Takk

Me vil nytta høvet til å takka Stortinget, Kulturdepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode arbeidsvilkår også i 2010.

Oslo, 14.02.11

Åse Wetås
prosjektdirektør

Magnus Rindal
styreleiar

A. Rammevilkår

1. Organisering og finansiering

Mål 2010	
a) Me vil arbeida for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, samstundes som prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	Me held ein jamn og tett kontakt med instituttet, og me arbeider aktivt for å etablera samlingane og NO-verksemda som eit fagleg tyngdepunkt på storskala materialhandtering. Hovudredaktør OG har sete i UiO-arbeidsgruppa for arbeid med vurdering av Store Norske Leksikon. ÅW har halde foredrag på oppstartseminar for Språkbanken 17.6. om behova til dei vitskaplege språksamlingane ved ILN.
b) Me vil søka midlar for 2011 på statsbudsjettet innan fristen 1. mars.	Søknaden blei sendt innan fristen. Me søkte om dekning av lønsutgifter for ein stab med 27 redaktørar, pluss ein auke til ein stab på 28 redaktørar (som me meiner er i tråd med opptrappingsplanen). Me har vore i møte med KUD ved statssekretær Lubna Fjell om løyvingane til ordboka (15.04.10)
c) Me vil arbeida for at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett, for å sikra at prosjektet ikkje må omdisponera midlar frå løn til drift og dermed seinka produksjonsfarten.	Me har vore i møte med HF-leiinga 18.02.10. Signala frå dekanatet er at det ikkje blir søkt om auke i driftsmidlane frå HF. HF førebur ei sak om prosjektfinansieringa i sluttfasen av NO 2014-prosjektet. Denne saka skulle opp i FS 29.10.10, men blei utsett og kom ikkje på sakskartet for FS i 2010.
d) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf. pkt A1e).	Fortløpande og etter planen.
e) Me vil laga ei forsøksordning med alternerande gruppeleiarlesing. Ordninga skal i første omgang omfatta eit utval av dei mest røynde redaktørane.	Denne ordninga er utsett inntil vidare. Redaksjonen har vore under så stort tidspress at dette ikkje har vore mogleg å gjennomføra i produksjonen av band 9.
f) Me vil arbeida for å oppretthalda god og regelmessig kontakt med instituttleiinga ved ILN.	Fortløpande og etter planen. Dialogmøte gjennomført 20.04.10. Me samarbeider nært og godt med ILN-leiinga og møtest jamleg. I tillegg sit to av medarbeidarane i NO 2014 i ILN-styret, og dette gjev oss også høve til å halda god kontakt med instituttmiljøet.

2. Lokalisering og arbeidstilhøve

Mål 2010	
a) Me skal halda regelmessig kontakt med HF og ILN om evt. flytte- eller	Det ligg ikkje føre konkrete flytteplanar. ILN signaliserer at dei ønskjer å komma behovet

samløkaliseringsplanar ved instituttet.	vårt for skjerming i møte. Statsbygg har i statsbudsjettet for 2011 fått midlar til vidare arbeid med prosjektering av nytt Life Science-bygg i Gaustadbekkdalen.
b) Me skal arbeida fortløpande for å betra arbeidsforholda for redaksjonsgruppa ved NTNU.	Det ligg føre ein plan for INL etter oppussinga/renovasjonen. Våre redaktørar får fire enkeltkontor, og det blir sett av plass til bokoppstilling. Me arbeider med å sikra arbeidsforholda i brakkerigg-perioden (frå forsommaren 2011 og 10 månader utetter). NTNU-redaksjonen skulle etter planen på synfaring 30.11. for å sjå på arbeidstilhøva i brakkene, men denne synfaringa blei utsett.
c) Me skal leggja til rette for at utflyttinga av NTNU-redaksjonen i brakker under oppussinga på Dragvoll skjer med minst mogleg tidsspille for dei fem redaktørane flyttinga omfattar.	Denne saka er under kontinuerleg oppfølging. Redaksjonen må innan utgangen av året ta stilling til kva bøker frå INL-biblioteket dei ønskjer å behalda, før biblioteket blir avvikla. Me vurderer om me skal engasjera ein assistent som kan ta det praktiske arbeidet med flytting av bøker.
d) Kantinesituasjonen	I sommar valde SiO å leggja ned kantina i GA 25, for skuld dårleg inntening. Me har brukt mykje tid på å leggja til rette eit alternativ, og ved utgangen av 2010 var det klart at Teknisk avdeling ville leggja til rette for eit spiserom med kjøken for dei tilsette i GA 25.

3. Personale

Mål 2010	
a) Me vil tilsetja tre nye redaksjonsassistentar i redaksjonen.	Det er tilsett tre nye assistentar. KG i Knut-vikariatet, HCH i stilling etter LS og MH i årsengasjement medan me søker om ei ekstra redaktørstilling.
b) Me vil undersøka moglegheitene for å ha assistentar inne på arbeidspraksisplass til utføring av redaksjonell støttefunksjon.	Dette har ikkje blitt gjennomført, grunna stort tidspress med ferdigstilling av band 9.
c) Me vil gje opplæring til nye redaksjonsassistentar.	Fortløpande og etter planen. Opplæring blir gitt både gjennom ei felles kurspakke med forelesingar, og i tillegg gjennom av individuell rettleiing ved gruppeleiar.
e) Om budsjettsituasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelp for tagging av tekst.	Assistenthjelp tilsv. 2 mnd.-verk korpustagging er gjennomført, samt assistenthjelp til normering i MO (før dimensjoneringa av bd. 10 kunne gjerast, jf. pkt. B4 10).
f) Me vil forsøka å få minimum 25 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	Me har fått 25,71 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga for 2010.

B. Manusarbeid

4. Band 9 og 10

Mål 2010	
a) Band 9 skal etter planen ferdigstillast til 1. desember. Det vil seia 526 sider med nyredigering, 795 sider med kvalitetskontroll og 800 sider med korrektur.	Band 9 blei sendt til forlaget måndag 6.12., dvs. ei veke etter den oppsette planen.
b) Til band 9 skal det utarbeidast innleiingstekst og bibliografitillegg innan 1. oktober.	Gjennomført
c) Me skal utarbeida korrekturinstruks for band 9 før 1. oktober.	Gjennomført
d) Me skal setja fire redaktørar til å gjera ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka i november.	Gruppa bestod av AE, HG, DR og KS, og dei arbeidde med ferdigkontroll frå og med 30.11. Arbeidet blei utsett éi veke i høve til den opphavlege planen, og sluttkontrollgruppa blei utvida med ANN, ÅR og SBO.
e) Me skal nyredigera 77 sider av band 10 i løpet av november og desember dette året.	Me redigerte til saman 78,55 sider materiale til band 10 i løpet av dei to siste månadene av 2010.
f) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal i størst mogleg grad skje fortløpande.	Fortløpande og etter planen.
g) Me skal dimensjonera band 10 før 15. september	Dimensjoneringa av band 10 var ferdig 13.9. ved OG. Bandet skal dekkja alfabetbolken frå og med <i>skodde</i> til og med <i>styvskap</i> .

5. Band 1 til 5

Mål 2010	
a) Administrasjonen skal i løpet av 2010 setja i gang grunnlagsarbeidet for eit prosjekt (post 2014) som gjeld revisjon og elektronisk tilrettelegging av band 1 t.o.m. 5 av Norsk Ordbok.	I arbeidet med nettsida legg me opp til å synleggjera at det trengst revisjon og tilrettelegging av band 1-5 før basen er komplett. Me undersøker moglege finansieringskjelder. Under arbeid.

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2010	
a) Nye delkomponentar av redigeringsapplikasjonen skal nyskrivast i java.	Under arbeid. EDD har i sommar gjort eit stort arbeid med utvikling av søkjefunksjonalitet som skal komma både applikasjonen og nettsida til gode.
b) I samband med nyskrivinga av redigeringsprogrammet skal det komma på plass funksjonalitetsforbetringar. NO 2014 lagar ferdig ei liste med spesifiseringar av slike forbetringar som me ønskjer oss i den	Lista ferdig til 1.7.10, slik som avtalt i årsplan for samarbeidet mellom NO 2014 og EDD. Gjennomført

nyskrivne redigeringsapplikasjonen.	
c) Me skal vidareføra arbeidet med å integrera transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen.	Assistent ved Tekstlaboratoriet har i perioden september til desember transkribert nytt materiale. Integreringa blir arbeidd vidare med i 2011.

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2010	
a) Me skal få på plass ei endeleg avtale om (dei mellombels) rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	Fortløpande og etter planen. Me har sendt eit notat til ILN der me bed om juridisk vurdering av saka, og me har laga utkast til kontrakt.
b) Me vil leggja ut ei elektronisk utgåve av ordboka på dei nye nettsidene til Norsk Ordbok.	Under arbeid. EDD arbeider med oppbygging av sida, og NO 2014 skriv sidetekst. Me er i dialog med UiO om støtte til designdelen av arbeidet, og UiO har komme med pålegg om at me bruker den nye designprofilen deira. Tre medarbeidarar har vore på kurs om nettsidearbeid. Grunna stort tidspress med redigering av band 9 har ikkje NO 2014 kunna driva fram vår del av arbeidet med nettstaden etter planen.

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2010	
a) Me skal leggja inn nye funksjonalitetsforbetringar i den nye SA (lyd og bilete).	Fortløpande og etter planen. EDD legg til rette for at desse typane komponentar skal kunna plasserast inn.
b) Me skal merka opp NEG-setlane med heimfestingsopplysningar.	Under arbeid ved assistentar.
c) Me skal merka opp setlar til band 10 som er uidentifiserte. Dette føreset assistenthjelp.	Fortløpande og etter planen. Arbeidet er under utføring av RNF.

9. Målføresynopsisen

Mål 2010	
a) Me vil gjera ferdig arbeidet med den digitale synopsisen slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Søknad til HF om forskingsstøtte innan fristen 18. januar. Avslag. Søknad til ILN om småforskmidlar innan fristen 1. februar, men avslag også der. Søknad til Andor Birkeland og hustrus fond innan fristen 1. mai, med tilslag i september 2010. To assistentar er i arbeid med dette, som vil strekkja seg inn i 2011.
b) Me skal delta i arbeidet med å få godkjend <i>norvegia</i> i Unicode.	Arbeidet står på vent, og det har ikkje vore mogleg å prioritera i 2010.

10. Redigeringshandboka

Mål 2010	
a) Me vil revidera underoppslagskapittelet og	Dette arbeidet har ikkje blitt gjennomført i

kapittelet om uttaleopplysningar.	2010, fordi produksjonsmåla har gjort at me ikkje har hatt redaksjonell ressurs å setja av.
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å tematisera dei redaksjonelle problemstillingane.	Redaksjonsseminaret står på vent til etter ferdigstillinga av band 9 og har ikkje vore mogleg å gjennomføra i 2010.
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak gjennom heile året	Fortløpande og etter planen.

D. Utviding og forbetring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2010	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskild-rettshavarar om levering av elektronisk tekst til korpus.	Avtaler 2010: Nationen, Klassekampen, Hallingdølen, Sunnhordland, Sunnmørsposten, Vest-Telemark Blad, Vikebladet, Lars Berg, Andreas Indregard.
b) Me vil engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset.	Gjennomført.
c) Me vil forlenga kontrakten med Digforsk slik at den omfattar digitalisering av band 8 av <i>Norsk Allkunnebok</i>	Digforsk Bø i Vesterålen leverte band 8 i juni og har gått i gang med band 7. AT og ÅW har lært opp ny Digforsk-gruppe i Beiarn (04.–6.08.10). Dei har hausten 2010 arbeidd med digitalisering av NoAllk band 6. AT har gjennom året fulgt opp og kvalitetssikra materialet me har fått frå Bø og Beiarn.
d) Me vil digitalisera noko etterreformatorisk tekst (<i>Den fyrste morgonblånen</i>) med parallellkorpus. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforskmidlar).	Me har søkt HF om infrastrukturmidlar til dette. Avslag juni 2010.
e) Me vil prioritera nordnorske skjønnlitterære tekster for innlegging i tekstkorpuset.	Ein nordnorsk tittel er lagd inn så langt.
f) Me vil forsøka eit samarbeid med UnifobAksis i Bergen og Språkrådet om tilrettelegging av nynorsk avismateriale for innlegging i korpuset.	Avtale inngått mellom Språkrådet og Uni Digital + mellom NO 2014 og Språkrådet. Innlegginga har ført til ein stor auke i tekstkorpuset.
g) Me skal arbeida med korpusfunksjonalitet på Norsk Ordboks nye nettsider.	På vent medan nettsidene er under utvikling.
h) Me vil utarbeida ein n-gramfunksjon til bruk på korpustekst. Dette vil gje viktig tilleggsfunksjonalitet i det redaksjonelle arbeidet med handsaming av fraseologi (jf. pkt. 10 a).	Fortløpande og etter planen.
i) Me vil tagga opp og leggja inn 1894-årgangen av Den 17. Mai i korpuset.	Me har falle ned på 1895-årgangen. Ferdig fotoskanna ved assistent løna av KEK. Teksten er under manuell innskriving. Korrekturlesing og tagging i gang og går føre seg ut 2010. Plan for innpassing i

	tekstkorpuset er ferdig.
j)	Me har lagt inn ei rekkje stortingsdokument i korpuset, som tiltak for å leggja til rette for arbeidet med ny nynorsknorm.

12. Metaordboka

Mål 2010	
a) Me vil normera MO på dei alfabetbolkane der det går føre seg redigering (<i>r-s</i>)	Gjennomført etter planen.
b) Normering i MO i bolken som høyrer til band 10 (<i>skodde – styvskap</i>) skal vera ferdig til 1. september 2010.	Gjennomført etter planen
b) Me vil kopla opp 6 prioriterte eldre ordsamlingar. Dette føreset kapasitet på EDD.	Under arbeid. Tre er oppmerkte (Rbg, Stav, Fyresdal 1698). Vidare arbeid på vent til etter gjennomføring av pkt. 12 d).
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	Ved årsskiftet 2010/2011 blei det lagt over 26 digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.
d) Me vil kopla opp mest mogleg av dei 23 attståande tagga målføreordsamlingane og gjennomgå taggesystema.	Gjennomført.

13. Digitale målførekart

Mål 2010	
a) Transkribering av lydbandopptak frå målførearkivet. NO 2014 løyver Tekstlaboratoriet midlar tilsvarende 2 mnd.-verk til dette arbeidet.	Fortløpande og etter planen. Arbeidet blei gjort ferdig i desember månad.
b) Ferdigstilling av arbeidet med ei nettpubliseringsløysing for dei digitale målførekart. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Småforskmidlar for OA, OG, LSV og DW (til saman kr. 80 000) er nytta til arbeidet med å laga ein pilot. 596 kart ligg no tilgjengelege på nettet.

14. Nytt tilfang

Mål 2010	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye oppslag i SA i 2010.	11 870 nye setlar er registrerte. Dette er noko mindre nyregistrering enn planen, og det er ein konsekvens av at redaksjonen ikkje har høve til å leggja inn setlar ut over det som er strengt naudsynt for redigeringa i eigne bolkar.
b) Me vil i samarbeid med EDD utarbeida ein enkel database for registrering av målføreopplysningar, slik at denne kan formidlast til interesserte innsamlarar.	EDD utvikla ein brukarvennleg og enkel database til NO 2014-deltakinga på Forskingstorget 24.-25.09. Denne kan brukast også til andre registreringsføremål.
c) Me vil bistå med tilrettelegging av digitalisering av Haugen-samlinga. Heile året ved pensjonist.	Ligg på vent fordi pensjonisten som skal utføra arbeidet, jobbar med andre ting.

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

15. Formidling og informasjon

Mål 2010	
a) Me vil lansera den nye nettstaden for Norsk Ordbok.	Nettstadarbeidet er i gang, men det har blitt prioritert lågt av NO 2014-redaksjonen, fordi me har måtta disponera tida vår inn i arbeidet med redigering og ferdigstilling av band 9. Me har difor ikkje hatt høve til å gjera ferdig nettstaden i løpet av 2010.
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få best mogleg pressedekning.	Smh. med pkt. a)
c) Me vil delta på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar i vidaregåande skole 8. januar.	Gjennomført ved OG, ÅW, LSV.
d) Me vil ta i mot referansegruppa for Garborg-senteret på Jæren i april.	Avlyst for skuld oskeproblema i april.
e) Me vil delta på Open dag for elevvar frå vidaregåande skole 4. mars.	Gjennomført ved AT, RNF, TO og ÅW
f) Me vil vera vertskap for nemnda som arbeider med ny nynorskrettskriving. NO 2014 ved ÅW deltek i nemndarbeidet.	Nemnda har hatt to dagsmøte på Blindern. Eitt møte med omvisning i NO 2014-redaksjonen (april), og eitt dagsmøte i HW (september)
g) Me vil ta i mot gjesteforskar i leksikografi frå det bulgarske vitskapsakademiet.	Prof. Svetla Koeva vitja ordboksredaksjonen 21.–30.6.10. Ho ville gjerne ha NO 2014 til Sofia i løpet av våren 2011 for å demonstrera redigeringsmetode og IT-plattform.
h) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2010. Føresetnaden er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	Forskingstorget blei gjennomført 24.-25.9.10 og AT, EHT, KG, ILØ, ANN, TS og ÅW deltok i formidlingstiltaket. I samband med tiltaket, fekk me merksemd både frå UiO-leiinga, HF-leiinga og radioinnslag på Radio Norge.
i) Me vil vera representerte i forum som kan gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Granavollen-seminar, Nynorsk forum, forskingsgruppa i leksikografi ved ILN.	Deltaking i Nynorsk forum (ved ÅW). Presentasjon av NO 2014 og dei nynorske samlingane på Granavollen (ved ILØ i vårsemesteret og TS i haustsemesteret) Programansvar for Forskargruppa i leksikografi (AT og ÅW vårsemesteret 2010) Foredrag (om ordartiklane <i>over</i> og <i>over-</i>), Språkleg instituttseminar, ILN (ÅR, 29.4.10) Deltaking i SNL-arbeidsgruppa (OG – heile året) Deltaking på oppstartsmøte for INESS, Geilo 6.–7. mai (ÅW, korpuspresentasjon)

	Deltaking på oppstartsmøte for Språkbanken 17. juni (ÅW, foredrag) Deltaking på oppstartsmøte for NO-Clarín 18. juni (ÅW) Språkbanken invitert på besøk og omvisning i GA 25 16.8.10 (ved ÅW, OG) Foredrag for Nynorsk forum 15.10. om prosjektstyring og prosjektleiing ved ÅW Innlegg om Norsk Ordbok på INL, NTNUs jubileumsseminar 29.10.10 (ved TEJ) Facebook-gruppe for NO 2014 oppretta. Samarbeid med entomolog Torstein Kvamme om prosjekt med norske maurnemningar (ÅW). Seminar om artsnemningar i regi av Artsdatabanken, Stjørdal 24.11. (EJE) Deltaking i styret i Språkrådet (ÅW) og i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon (OG)
--	--

16. Kompetanseheving

Mål 2010	
a) Me vil gje opplæring til nye redaksjonsassistentar.	Fortløpande og etter planen.
b) Me vil vidareføra redaksjonsseminaret frå 2009 og også bruka dette seminaret til å tematisera andre redaksjonelle problemstillingar.	Dette har det ikkje vore tid til, fordi redaksjonen har måtta konsentrera seg om band 9-produksjonen.
c) Me vil vera representerte med foredrag på internasjonale konferansar.	NFL-symposium <i>Leksikografi og språkteknologi</i>, Schæffergaarden 29.–31.01. (SBO, ÅW) Konferanse i skandinavistikk (SASS), Seattle, 22.-24. april. (DW) Konferanse i historisk leksikografi og leksikologi, Oxford 16. – 18. juni (OG (foredrag OG/ÅW), IL, KAS, ÅR, TS, LSV, SBO, EJE)

	Konferanse i korpuslingvistikk, Edinburgh, 17.–18. juni (AT, RNF) Euralex-konferanse, juli (TEJ) Konferanse i kognitiv lingvistikk, Hertfordshire (HG) Dialektologikonferanse, Uppsala 18.–20. august (DR/DW (foredrag), LSV (foredrag), AE, KS, HFH, ANN, OA, LIAa, AA) Sociolinguistics Symposium 18, Sheffield, 1.–4.9.10 (TO (foredrag)) Language Contact and Change, Trondheim 22.–25.9.10 (TO) Växtnamn. Konferanse med møte mellom botanikk og språkforskning, Stockholm/Uppsala 25.-26.11. (foredrag, ÅW)
d) Me vil arrangera sommar- og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	Sommarseminar blei arrangert i samarbeid med NAOB 3. og 4. juni. Eksterne foredragshaldarar: Helge Dyvik (Bergen), Emma Sköldberg (Göteborg), Lars Trap-Jensen (København) Juleseminar blei halde 16.-17. desember, med eksterne foredragshaldarar Helge Sandøy (Bergen) og Ottar Grepstad (Ørsta).
e) Me vil vera representerte på Lexicom-kurset i Ljubljana 7.–11.6.	Deltaking ved HCH, SW og EHT.
f) Dei som har behov for det, bør gå på Powerpoint-kurs i 2010.	Dette er det ikkje sett av tid til.
g) Me bør senda nokre tilsette på kurs i Excel og i den nye Office-pakka, dersom dette blir naudsynt.	Fire medarbeidarar var på Excel-kurs 28.-29.10.
h) Me bør arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	Det blir søkt om NFR-midler til eit prosjekt i Trondheim der NO 2014-materiale skal brukast i ei ph.d.-avhandling Ein doktorgradstipendiat bruker digitalt tilgjengeleg NO 2014-materiale til avhandlinga si på ILN.
i) Me vil setja av midlar til eitt mastergradstipend på 15.000 kr til ein student som nyttar materiale frå dei nynorske leksikografiske samlingane til å skriva masteroppgåve.	Masterstipend er gitt til Marianne Anderson, masterstudent ved INL på NTNU, som i 2010 skreiv oppgåve om preposisjonen <i>med</i> , og som brukte materiale frå dei nynorske leksikografiske samlingane i granskinga si.

	Masteroppgåva blei fullført haustsemesteret 2010.
--	---

Vedlegg 1. Tilsette og talet på årsverk i 2010

Namn	Stilling	Stillings- prosent	Til disp. for NO	Løn t av	Tilsetjings- periode	Månads- verk	Års- verk
Almenningen, Olaf	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Askeland, Anneke	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Berg-Olsen, Sturla	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Eide, Kristine	Redaksjons- assistent	100 %	100 %	NO	1.1.-15.4.	3,5	0,29
Ellingsve, Eli	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Endresen, Øyalf ¹	Redaktør	70 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	8,4	0,7
Engø, Anne	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Førland, Ragnhild N.	Konsulent	100 %	100 %	NO	1.1. –31.12	12	1
Grønvik, Oddrun	Hovud- Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Gundersen, Helge	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Gundersen, Kjetil	Redaksjons- assistent	100 %	100 %	NO	1.6. – 31.12.	7	0,58
Halmøy, Madeleine	Redaksjons- assistent	100 %	100 %	NO	1.6. – 31.12.	7	0,58
Harildstad, Gudmund ²	Redaksjons- sekretær	80 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	9,6	0,8
Haug, Hilde C.F.	Redaksjons- assistent	100 %	100 %	NO	8.3.–31.12.	9,75	0,8
Hellum, Hege ³	Redaktør	80 % og 100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	11,2	0,93
Jenstad, Tor Erik	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Karlsen, Knut E. ⁴	Redaktør	80 %	100 %	NO	1.1.–15.2.	1,2	0,1
Ødemark, Ingjerd Legreid	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Nilsen-Nygaard, Astrid	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1

¹ Øyalf Endresen har vore i 30 % mellombels pensjonsordning i heile 2010.

² Gudmund Harildstad har 20 % ulønt permisjon for å arbeida i Dag og Tid.

³ Hege Hellum hadde 20 % omsorgspermisjon i perioden 1.9.-31.12.10.

⁴ Knut E. Karlsen gjekk ut i 100 % permisjon frå 15. februar 2010 (for å ta ph.d.-grad). I perioden fram til han gjekk ut i permisjon, hadde han 20 % omsorgspermisjon.

Næss, Åshild	Redaksjons-assistent	100 %	100 %	NO	1.1. –31.1.	1	0,08
Opsahl, Toril	Red.ass.-/redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12	12	1
Rekdal, Solveig ⁵ Helene	Redaktør	100 % / 90 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	11,1	0,93
Runde, Ålov	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Rødningen, Dagfinn	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Selvik, Kari-Anne	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Skadberg, Kåre	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Svardal, Terje	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Tandberg, Andreas	Første-konsulent	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Tangen, Håvard	Vit.ass.	50 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	6	0,5
Toft, Ellen H.	Redaksjons-assistent	100 %	100 %	NO	1.1. – 31.12.	12	1
Vikør, Lars S.	Hovud-redaktør	100 %	80 %	ILN	1.1.–31.12.	9,6	0,8
Wetås, Åse	Prosjekt-direktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12	1
Wiggen, Gunnhild ⁶	Redaktør	70 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	8,4	0,7
Wikstrøm, Solveig	Red.ass./redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12	12	1
Worren, Dagfinn	Hovud-redaktør	100 %	80 %	ILN	1.1.–31.12.	9,6	0,8
Aa, Leiv Inge ⁷	Redaktør	25 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	3	0,25
Aamodt, Gunhild ⁸	Redaktør	100 %	100 %	NO	15.8.–31.12.	4,5	0,37
Eide, Oda	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	1,16	0,1
Martinussen, Hege Dale	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	2	0,16
Munkvold, Sergej A.	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	2	0,16
Wentzel, Gunhild	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	1,67	0,14
Sum						369,68	30,86

⁵ Solveig H. Rekdal har hatt 10 % omsorgspermisjon i perioden 01.01-31.03.10, samt 15.8.-31.12.10.

⁶ Gunnhild Wiggen har vore i permisjon i 30 % 1.1.–31.12.

⁷ Leiv I. Aa har i heile perioden hatt 75 % ulønt permisjon frå NO.

⁸ Gunhild Aamodt har vore i foreldrepermisjon fram til 15.8.10.

Til saman 41 personar har arbeidd for NO 2014 i løpet av 2010. Dei har ytt 30,86 årsverk, eller 369,68 månadsverk. Av desse har 25,71 årsverk gått til redigering, 3 årsverk har gått til administrasjon, og 2,06 årsverk har gått til redaksjonell støttefunksjon.

Vedlegg 2. Publisering og omtale

Faglege publikasjonar

Ellingsve, Eli

Ord i Nord. *Nordnorsk Magasin*, 2010 (1-4).

Plantenamn i stadnamn. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan*, 2010.

Stille. *Kysten*, 2010 (1).

Røst og røst. *Kysten*, 2010 (2).

Rekved. *Kysten*, 2010 (3).

Sjø, sjøtt, sjøa. *Kysten*, 2010 (5).

Grønvik, Oddrun

Leksikaliserte ordsamband i norsk. I: *Nordiska studier i lexikografi 10. Rapport frå Konferensen om lexikografi i Norden Tammerfors 3-5- juni 2010*. Tammerfors: Nordisk forening for leksikografi 2010 (ISBN 978-951-44-8143-7), s. 118-129.

Halmøy, Madeleine

The Norwegian Nominal System - A Neo-Saussurean Perspective. Ph.d.-avhandling, Universitetet i Tromsø 2010. 241 s.

Jenstad, Tor Erik

Hain e' så alt fær borkjin na robåten her. Smølaord på nettet. *Smølaminne* 2010, s. 5-9.

Snedig å koinn trøndersk. Steinkjer: Embla Forlag 2010 (ISBN 9788292577523), 76 s.

Sjursmessedag. *Du mitt Nordmøre* 2010, s. 98-103.

Skamløppin. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2010, s. 52-53.

Stråkkå fættå. *Hendt og hender i Tingvoll* 2010, s. 91-96.

Tale på Leikvinstemnet 20.6.2010. Leikvin. *Årskrift for Sunndal Museumslag* 2010, s. 94-101.

Karlsen, Knut E; Wetås, Åse

Internettpublikasjonar som kjelde i dokumentasjonsordbøker. Status og bruk. I: *Nordiska studier i lexikografi 10. Rapport frå Konferensen om lexikografi i Norden Tammerfors 3-5- juni 2010*. Tammerfors: Nordisk forening for leksikografi 2010 (ISBN 978-951-44-8143-7), s. 522-529.

Opsahl, Toril

Book Review: Anna-Brita Stenström & Annette Myre Jørgensen (eds.), *Youngspeak in a multilingual perspective*. *Multilingua - Journal of Cross-cultural and Interlanguage Communication* 2010, 29 (2), s. 229-233.

Opsahl, Toril; Nistov, Ingvild

On Some Structural Aspects of Norwegian Spoken among Adolescents in Multilingual Settings in Oslo. I: *Multilingual Urban Scandinavia. New linguistic Practices*. Multilingual Matters 2010 (ISBN 9781847693136), s. 49-63.

Opsahl, Toril; Brunstad, Endre; Røyneland, Unn

Hip Hop, Ethnicity and Linguistic Practice in Rural and Urban Norway. I: *Languages of Global Hip Hop*. Continuum 2010 (ISBN 9780826431608), s. 223-255.

Toft, Ellen Hellebostad

Response from Ellen Hellebostad Toft. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2010, volum 28 (2), s. 302-314.

Toft, Ellen Hellebostad

Ellen Hellebostad Toft: Adnominal and adverbial genitive constructions in Old Norse : a cognitive construction grammar account. [svar frå doktoranden]. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2010 ;Volum 28 (2), s. 267-314.

Vikør, Lars Sigurdsson

2000-talet – ein gong til. *Språknytt* 2010, volum 38 (4), s. 28-29.

Bokmelding: Edvard Storm: "Ord i den Guldbrandsdalske Dialect". Ei 1700-tals ordsamling frå Vågå. I: *Vågå - sagt og skrivi gjennom ti'in*. Vågåmo: Mållaget Ivar Kleiven 2010 (ISBN 978-82-7275-171-4), s. 15-17.

Language purism in the Nordic countries. *International Journal of the Sociology of Language* 2010 (204), s. 9-30.

Rettskrivingsordbøker som normeringsreiskapar i Norden. I: *Språkvård och språkpolitik*. Norstedts Förlag 2010 (ISBN 978-91-1-302998-6), s. 304-322.

Vikør, Lars Sigurdsson; Egebakken, Inger

Språkpolitikk fra 1830 til 1907. I: *Nettopp norsk SF Vg2/Vg3*. Aschehoug & Co 2010 (ISBN 978-82-03-33896-0), s. 353-366.

Språkpolitikk fra 1907 til i dag. I: *Nettopp norsk SF Vg2/Vg3*. Aschehoug & Co 2010 (ISBN 978-82-03-33896-0), s. 367-386.

Vikør, Lars S.; Jørgensen, Jon Gunnar

Gammelt tidsskrift – nytt forlag – ny drakt. *Maal og Minne* 2010 (1), s. 1-2.

Wetås, Åse; Karlsen, Knut E.; sjå Karlsen, Knut E.; Wetås, Åse

Wetås, Åse; Kvamme, Torstein.

Revidert liste over norske maur, inkludert dialektale navn og forslag til nye norske navn. Oslo: Norsk institutt for skog og landskap/Nasjonalt senter for insektbiodiversitet 2010 (ISBN 978-82-311-0106-2), 127 s.

Worren, Dagfinn

Ivar Aasen-almanakken 2011. Oslo: Dag og Tid 2010 (ISBN 9788281150157), 208 s.

Aa, Leiv Inge

Spalte opp og spalte ned om heilt vanlege ord. *Norsk Tidend* 2010 (1), s. 22-23.

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Avisoppslag

Almenningen, Olaf

Melding av ordsamlingene *Ordbok over Melhus-målet* og *Ord og uttrykk frå ytre Romsdal* i Norsk Tidend, 2010.

Ellingsve, Eli

Finn deg eit fyr. *Dag og Tid*, 2010.

Jenstad, Tor Erik

600 000 ord å passe. *Adresseavisen* (spalten "Nysgjerrig") [Avis]; 2010-07-17.

Den som flykter gjennom et do. *Gatemagasinet Sorgenfri*, julebok [Avis]; 2010-12-01.

Gust eller gufs? *Aura Avis* [Avis]; 2010.

Om typen "dæm mæst brukte ordan". *Adresseavisen* (spørjespalte) [Avis]; 2010-11-03.

Opp av asken. *Adresseavisen* [Avis]; 2010-04-21.

Ord på -skap. *Adresseavisen* (spørjespalte) [Avis]; 2010-09-15.

Otålå. *Adresseavisen*, spørjespalte [Avis]; 2010-02-13.

Paver med dårlig rykte. *Adresseavisen* [Avis]; 2010-03-20.

Sprettkald januar. *Trønder-Avisa* [Avis]; 2010-02-10

Opsahl, Toril

"Egentlig alle kan bidra" (kronikk). *Aftenposten* (aftenutg.) [Avis]; 2010.

Doktoren svarer. *Morgenbladet* [Avis]; 2010-02-26.

Toft, Ellen Hellebostad

Doktoren svarer. *Morgenbladet* [Avis]; 2010-02-05.

Føredrag

Berg-Olsen, Sturla

Språk i Baltikum (med vekt på baltiske språk). Baltisk kulturkveld; 2010-02-24.

Ellingsve, Eli

Historia til eit forprosjekt eller Forhistoria til eit prosjekt. Juleseminar NO 2014; 2010-12-16.

Norsk Ordbok og låneord i nord. Seminar UiT; 2010-01-20.

Grønvik, Oddrun

Dokumentasjonen av tidleg nynorsk (1525-1814). Fagseminar; 2010-10-22.

Standardising 400 years of speech. Norsk Ordbok 2014. 5. International Conference on Historical Lexicography and Lexicology; 2010-06-16.

Halmøy, Madeleine

Det norske nominalsystemet. Juleseminar NO 2014; 2010-12-16.

Form, meining og (kontekstuell) tyding i det norske nominalsystemet. Gjesteforedrag; 2010-11-10.

Jenstad, Tor Erik

Innslag kvar veke på NRK Trøndelags dialektmagasin (gjennom heile året)

Dialekt - søppel eller gullgruve. Dialektkveld, Aure Mållag; 2010-01-31.

Dialekt i Vikna. Dialektkveld; 2010-10-27.

Dialekt og dialektord frå Hølonda. Dialektkveld; 2010-11-03.

Dialektkåseri. Dialektkveld, Rennebu; 2010-03-07.

Dialektkåseri Agdenes. Dialektkveld; 2010-04-22.

Dialektmagasin. Levangermartnan; 2010-02-27.

Dialektseminar. Vårsøghelga; 2010-05-22.

Frøyværingssmålet. Oppstartkonferanse KOMOPP, Frøya; 2010-10-08.

Godlåt og tulltal. Nordmørskveld, Innerdalshytta. Nordmøre Ungdomslag; 2010-09-18.

Ka sa du? Frå Ska-Kari til Lensmanns-Marta. Trøndelag Folkemuseum; 2010-09-27.

Kort dialektkåseri. Medlemsmøte, Meldal Rotary; 2010-03-09.

Kåseri på pensjonisttreff. Pensjonisttreff, Strindheim kirke; 2010-01-14.

Lemmutval i Norsk Ordbok. Juleseminar NO 2014; 2010-12-17.

Moro med ord. Medlemsmøte for pensjonistane i Fagforbundet, Sunndal; 2010-02-11.

Norsk ordbok. Jubileumsseminar INL, NTNU; 2010-10-29.

Presentasjon av boka "Snedig å koinn trøndersk". Bokkveld; 2010-12-07.

Spor etter kulturelle endringar i ordforrådet. Seminar i Trønderlaget, Bårdshaug; 2010-10-22.

Stemnetale. Leikvinstemne; 2010-06-2.

Opsahl, Toril

"Fremtidens forbrytelser" - om språkutvikling i urbane miljøer. NFFs oversetterseminar; 2010-11-20.

Nyere språkutvikling hos ungdom i Oslo. Oslo kommune, Informasjonsforum; 2010-12-08.

Opsahl, Toril; Aarsæther, Finn; Nistov, Ingvild; Røyneland, Unn; Svendsen, Bente Ailin

Language practices among adolescents in multilingual Oslo. Language contact and change – grammatical structure encounters the fluidity of language. Foredrag NTNU; 2010-09-22 - 2010-09-25.

Runde, Ålov Synnøve

Preposisjonen 'over' og det forsterkande førsteleddet 'over-'. Språklig instituttseminar; 2010-04-29.

Rødningen, Dagfinn; Worren, Dagfinn

Ein grenselaus innsats. Konrad Eriksson (1908-1944) - norsk målføregranskar og motstandsmann med norsk "lektoreksamen" frå Uppsala. Nionde nordiska dialektologkonferansen; 2010-08-18 - 2010-08-20.

Tandberg, Andreas; Wetås, Åse m. fl.

Bu på arrangementet Forskingstorget på universitetsplassen i sentrum. NO 2014 laga publikumsordbok og presenterte eit etymologi-panel. 2010-09-23 - 2010-09-24.

Vikør, Lars Sigurdsson

"... de rareste Ord og Talemaader". Norske dialektar i 1743. Den 9. nordiske dialektologkonferansen; 2010-08-18 - 2010-08-20.

Nynorskrettskrivinga inn for landing? Fagleg-pedagogisk dag 2010; 2010-01-08.

Om normering av nynorsk. Dagsseminar om nynorskrettskrivinga; 2010-01-20.

Wetås, Åse.

Vekstnemningar i Norsk Ordbok. Växter och växtnamn – ett möte mellan botanik och språkvetenskap (Stockholm/Uppsala); 2010-11-25 - 2010-11-26.

Vitskapplege språksamlingar ved Universitetet i Oslo. Oppstartseminar, Språkbanken; 2010-06-16.

Wetås, Åse; Tandberg, Andreas m. fl.; sjå Tandberg, Andreas; Wetås, Åse m. fl.

Worren, Dagfinn; Rødningen, Dagfinn; sjå Rødningen, Dagfinn; Worren, Dagfinn

Aa, Leiv Inge

Dynamic and Resultative Verb-Particle Constructions in Spoken Norwegian. Workshop on Immigrant Language in America; 2010-09-16 - 2010-09-17.

Ein predikasjonsanalyse av dynamiske og resultative verbpartikkelkonstruksjonar. Dialektgrammatisk seminar for masterstudentar og andre interesserte, NTNU; 2010-11-02.

«På» på programmet. Jubileumsseminar for INL, NTNU; 2010-10-29.

Uvanleg bruk av vanlege ord — om dialektale preposisjons- og adverbavvik. Fagkveld ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU; 2010-01-29.

Verb-Particles in Coastal and Southern Mid-Norwegian. Grand meeting, ScanDiaSyn/N'CLAV; 2010-06-07 - 2010-06-09.

Radio/TV/Nett

Almenningen, Olaf

Om ord i NO 2014: "ski". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07. (Ikkje sikker på dag).

Jenstad, Tor Erik

Boka *Snedig å koinn trøndersk*. NRK Trøndelag [Radio]; 2010-11-12.

Dette ordet skriv vi feil. Norgesglasset [Radio]; 2010-01-13.

Dialektmagasinet. NRK Trøndelag kvar onsdag i januar og februar.

Sei det. NRK Trøndelag kvar onsdag frå mars til desember.

Hulluke. Språkteigen, NRK P2 [Radio]; 2010-02-14.

Ord for kjerring, kone o.l. NRK Sogn og Fjordane [Radio]; 2010-09-08.

Verb for å gå. Student-TV'n, Trondheim [TV]; 2010-05-08.

Opsahl, Toril

Multietnisk ungdomsspråk i Oslo. NRK Østlandssendingen, Lang lunsj [Radio]; 2010-02-22.

Multietnisk ungdomsspråk i Oslo. NRK P2 - "Sånn er livet" [Radio]; 2010-03-04.

Om sitatmarkører. NRK, Språkteigen [Radio]; 2010-12-12.

Om ord i NO 2014: "sakalav". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07-21.

Om ord i NO 2014: "satellitt". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07-20.

Om ord i NO 2014: "siri". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-06-25.

"sånn" sine funksjoner. NRK, Språkteigen [Radio]; 2010-10-31.

Verb på vandring. forskning.no [Internett]; 2010-02-05.

Runde, Ålov

Om ord i Norsk Ordbok: "kverk". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07-07.

Selvik, Kari-Anne

Om ord i Norsk Ordbok: "pils". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-06-29.

Om ord i Norsk Ordbok: "pudrett". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-06-30.

Om ord i Norsk Ordbok: "ravkraft". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07-16.

Om ord i Norsk Ordbok: "rota". Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-07-06.

Toft, Ellen Hellebostad

Dypdykk i middelaldernorsk. www.forskning.no [Internett]; 2010-01-24.

Wetås, Åse

Om prosjektet Norsk Ordbok 2014. Verdt å vite, NRK P2 [Radio]; 2010-06-22

Annan fagleg aktivitet

Almenningen, Olaf

Ansvarleg for spalta Dagens ord på heimesida til Ivar Aasen-tunet. Levert 5 nye ord i 2010.

Ansvarleg for *Nøkkel til nynorsk*, utgjeven av Dag og Tid.

Berg-Olsen, Sturla

Hovudredaktør for artikkelsamlinga *The Baltic Languages and the Nordic Countries. Papers presented at the conference held at the University of Oslo, Faculty of Humanities, Department of Linguistics and Nordic Studies June 19–20, 2009* (ISBN: 978-609-411-037-5).

Jenstad, Tor Erik

Sensur ved Høgskulen i Volda, vårsemesteret 2010.

Worren, Dagfinn

Ansvarleg for å svare på nynorskførespurnader til Norsk ordbank (irekna Ordvakta). Om lag 10 svar i 2010.

Verv

- Almenningen, Olaf
 - Styremedlem i Riksfondet for nynorsk presse. Representant for Noregs Ungdomslag.
 - Medlem av Rådet i BUL i Oslo
- Berg-Olsen, Sturla
 - Nasjonal redaktør i LexicoNordica.
- Ellingsve, Eli
 - Namnekonulent i Midt-Noreg, Språkrådet.
- Grønvik, Oddrun
 - Nestleiar i Fagråd for normering og språkoobservasjon, Språkrådet.
- Harildstad, Gudmund

- Medlem av redaksjonen i meldingsbladet *Nytt om namn*.
- Hellum, Hege Fjeldseth
 - Styremedlem og jurymedlem i litteraturkomiteen, Landslaget for språklig samling.
- Jenstad, Tor Erik
 - Varamedlem, styret i Norsk namnelag.
- Karlsen, Knut E.
 - Medlem i Målpolitisk råd, Det Norske Teatret.
 - Varamedlem, styret i Bymålslaget.
 - Styremedlem, Norsk Ordbok 2014
- Opsahl, Toril
 - Medlem i skriftstyret til Landslaget for norskundervisning (LNU).
 - Styremedlem ILN, representant for mellombels vitskapleg tilsette.
- Rødningen, Dagfinn
 - Varamedlem til styret i Norsk Ordbok 2014.
- Vikør, Lars S.
 - Redaktør i tidsskriftet *Maal og minne*.
 - Styremedlem ILN, representant for fast vitskapleg tilsette.
 - Administrator for komité i samband med professorat i språkdidaktikk på Høgskolen i Hedmark.
- Wetås, Åse
 - Styremedlem i Norsk namnelag.
 - Vara til styret i Nordisk forening for leksikografi.
 - Medlem av Rettskrivingsnemnda for nynorsk, Språkrådet.
 - Styremedlem i Språkrådet.

Gjester hos NO2014 i 2010

- Aud Søyland, Språkrådet.
- Svetla Koeva, Department of Computational Linguistics, Institute of Bulgarian Language.
- Torstein Kvamme, Norsk skog og landskap.